

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 18.12.2017

Handsaming i møte

Utvalet ønskte forsterka ordlyd i punkt 1 frå «ikkje er heilt tilfredsstillande» til «ikkje er tilfredsstillande».

Forslag til vedtak, med endra ordlyd i punkt 1, vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner det ikkje er tilfredsstillande at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon av skuleskyss ikkje er ferdig nesten 1 ½ år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. På bakgrunn at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 1a, 2 og 3 innan 01.05.2018.